

KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2016/1621**2019/EØS/10/80****av 7. september 2016**

om vedtaking av retningslinjer for melding til akkrediterings- og lisensutferdingsorgan frå miljøkontrollørar som driv verksemd i ein annan medlemsstat enn den som akkrediteringa eller lisensen vart tildelt i etter europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009

[meld under nummeret K(2016) 5648]()*

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 av 25. november 2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS), og om oppheving av forordning (EF) nr. 761/2001 og kommisjonsvedtak 2001/681/EF og 2006/193/EF⁽¹⁾, særleg artikkel 30 nr. 6, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) I medhald av artikkel 30 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1221/2009 kan forumet av akkrediterings- og lisensutferdingsorgan utarbeide retningslinjer for spørsmål som gjeld kompetanseområdet til akkrediterings- og lisensutferdingsorgan for å harmonisere dei framgangsmåttane som desse organa nyttar til akkreditering av, lisensutferdning til og tilsyn med miljøkontrollørar.
- 2) Miljøkontrollørar som driv verksemd i ulike medlemsstatar, skal melde frå om verksemda si til dei rette akkrediterings- og lisensutferdingsorganane i samsvar med artikkel 24 i forordning (EF) nr. 1221/2009.
- 3) Den praktiske gjennomføringa av den nemnde framgangsmåten for melding har vist at dei ulike akkrediterings- og lisensutferdingsorganane reagerer ulikt overfor miljøkontrollørar som ikkje etterlever meldingsplikta si. Difor trengst det ytterlegare retningslinjer for å sikre ein einsarta bruk av framgangsmåttane for melding når det gjeld miljøkontrollørar som har akkreditering eller lisens i éin medlemsstat og utfører kontroll- og godkjenningserverksemd i ein annan medlemsstat.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 49 i forordning (EF) nr. 1221/2009 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Retningslinjene for melding til akkrediterings- og lisensutferdingsorgan frå miljøkontrollørar i medhald av forordning (EF) nr. 1221/2009 som er oppførte i vedlegget, vert vedtekne.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 242 av 9.9.2016, s. 32, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 42/2017 av 3. februar 2017 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 78 av 22.11.2018, s. 63.

(¹) TEU L 342 av 22.12.2009, s. 1.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel 7. september 2016.

For Kommissjonen

Karmenu VELLA

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

Retningslinjer for melding til akkrediterings- og lisensutferdingsorgan frå miljøkontrollørar som driv verksemd i ein annan medlemsstat enn den som akkrediteringa eller lisensen vart tildelt i etter forordning (EF) nr. 1221/2009

INNLEIING

Desse retningslinjene harmoniserer dei framgangsmåtane for melding som gjeld for miljøkontrollørar som driv verksemd i ein annan medlemsstat enn den som akkrediteringa eller lisensen vart tildelt i.

1. Plikter som skal vere oppfylte før det vert gjeve melding

- 1.1. Akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet skal offentleggjere dei framgangsmåtane sine for melding som gjeld for miljøkontrollørar som har akkreditering i ein annan medlemsstat, og syte for at dei er lett tilgjengelege. Dei offentleg tilgjengelege opplysningane om desse framgangsmåtane skal òg omfatte eventuelle gebyr (eksklusive reiseutgifter) som akkrediterings- eller lisensutferdingsorgana krev for melding og tilsyn.
- 1.2. Det akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som har gjeve akkrediteringa eller tildelt lisensen, skal krevje at dei miljøkontrollørane deira som har akkreditering eller lisens, har følgd den framgangsmåten for melding som er definert i artikkel 24 nr. 1, før dei utfører kontroll- og godkjenningsverksemd i ein annan medlemsstat enn den som akkrediteringa eller lisensen vart tildelt i. Akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet skal òg, som ein del av tilsynet med dei miljøkontrollørane som har akkreditering eller lisens, kontrollere at meldingskrava i forordning (EF) nr. 1221/2009 er vortne oppfylte i tilfelle der miljøkontrolløren har vore verksam i ein annan medlemsstat.
- 1.3. Akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet skal tilrå at dei miljøkontrollørane som har akkreditering eller lisens, melder frå til kundeorganisasjonane sine om at dei har plikt til å tillate tilsyn i samsvar med artikkel 23 nr. 6 i forordning (EF) nr. 1221/2009, og at det kan hindre organisasjonane i å verte registrerte dersom dei nektar å tillate slikt tilsyn.

2. Innhald i meldinga

- 2.1. Dei meldingskrava som er fastsette i artikkel 24 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1221/2009, skal reknast for å vere oppfylte når alle dei følgjande opplysningane er lagde fram:
 - a) nærmare opplysningar om akkrediteringa eller lisensen, med prov på at akkrediteringa eller lisensen framleis er gyldig og ikkje er endeleg eller mellombels tilbakekalla, og at akkrediteringa eller lisensen er eigna for den spesifikke verksemda til den organisasjonen som skal kontrollerast eller godkjennast,
 - b) samansetnaden av og kompetansen til kontrollørgruppa, særleg om gruppa har kjennskap til lovfesta miljøkrav og til det offisielle språket i medlemsstaten der kontrollen eller godkjenninga skal utførast,
 - c) opplysningar om personalet, dersom det er naudsynt, til dømes dokumentasjon på relevante kvalifikasjonar, opplæring og røymsler innanfor den økonomiske sektoren som vert kontrollert,
 - d) tidspunkt og stad for kontroll og godkjenning, medrekna opplysningar om miljøkontrollørane si vitjing hjå organisasjonane og alle stadium før og etter vitjinga, slik det er oppført i artikkel 25 i forordning (EF) nr. 1221/2009,
 - e) adresse og kontaktopplysningar til den organisasjonen som er underlagd kontroll eller godkjenning, medrekna opplysningar om alle stader og verksemdar som er omfatta av kontrollen eller godkjenninga, og om talet på tilsette.

Dei tilleggskrava som er nemnde i bokstav c), skal grunnjevast for kvar einskild situasjon og kan ikkje avgrense den retten miljøkontrolløren har til å yte tenester i ein annan medlemsstat enn den som akkrediteringa eller lisensen vart tildelt i.

2.2. Dersom meldinga oppfyller dei meldingskrava som er fastsette i artikkel 24 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1221/2009, skal akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet opplyse miljøkontrolløren om dette før den kontroll- eller godkjenningssverksemda som det er gjort greie for i artikkel 25 i forordning (EF) nr. 1221/2009, tek til. Dersom det er mogleg, skal desse opplysningane gjevast to veker før kontroll- eller godkjenningssverksemda tek til. Samstundes skal akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet opplyse miljøkontrolløren om omfanget av og innhaldet i det tilsynet det har tenkt å utføre, og om dei tilhøyrande kostnadene.

2.3. Dersom akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet får kjennskap til at kontroll- eller godkjenningssverksemd skal utførast eller alt er utført utan melding, skal akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet minne miljøkontrolløren om dei meldingskrava i forordning (EF) nr. 1221/2009 som gjeld melding i den aktuelle staten (sjå punkt 2.1).

Dersom dei opplysningane som er nemnde i artikkel 24 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1221/2009, ikkje vert lagde fram til rett tid, eller dersom meldinga ikkje oppfyller meldingskrava i den nemnde artikkelen, skal punkt 3.1 i desse retningslinjene nyttast.

2.4. Ettersom resultatet av meldinga kan påverke kontroll- og godkjenningssprosessen, skal akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet tilrå at kontrolløren legg fram dette resultatet for kunden sin.

3. **Konsekvensar dersom framgangsmåten for melding ikkje vert følgd**

3.1. Dersom meldinga ikkje oppfyller meldingskrava i artikkel 24 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1221/2009, skal akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet følgje framgangsmåten i punkt 3.1.1–3.1.4.

3.1.1. Dersom opplysningar om akkreditering eller lisens, kompetanse, tidspunkt og stad for kontroll og godkjenning, adresse og kontaktopplysningar til organisasjonen, kjennskap til lovfesta miljøkrav og til det offisielle språket i medlemsstaten der kontrollen eller godkjenninga skal utførast, eller eventuelt til samansetnaden av kontrollørgruppa, ikkje vert lagde fram eller ikkje vert lagde fram til rett tid, skal det snarast råd meldast frå til miljøkontrolløren om dei manglande opplysningane og den manglande etterlevinga av meldingsfristen.

3.1.2. Dersom akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet meiner at dei manglande opplysningane ikkje hindrar eit tilfredsstillande tilsyn med miljøkontrolløren, skal akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet rekne meldinga for å vere tilfredsstillande for at tilsynet skal kunne gjennomførast, og be miljøkontrolløren om å leggje fram dei manglande opplysningane seinare. Miljøkontrolløren skal få melding om denne avgjerda innan rimeleg tid og før kontrollen eller godkjenninga vert utført.

3.1.3. Dersom akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet meiner at det ikkje har fått opplysningar som er vesentlege for å kunne utføre eit tilfredsstillande tilsyn med kontroll- eller godkjenningssverksemda (til dømes om tidspunkt og stad for kontroll- eller godkjenningssverksemda, adresse og kontaktopplysningar til organisasjonen, opplysningar om akkreditering eller lisensen til miljøkontrolløren, samansetnaden av eller kompetansen til kontrollørgruppa, særleg kjennskap til lovfesta miljøkrav og til det offisielle språket i medlemsstaten der kontrollen eller godkjenninga skal utførast), skal akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet opplyse miljøkontrolløren om at det reknar meldinga for å vere utilfredsstillande, at eit tilfredsstillande tilsyn difor ikkje er mogleg, og at dersom kontrollen eller godkjenninga vert gjennomført før dei manglande opplysningane vert lagde fram, vil det tilrå at det rette organet ikkje registrerer organisasjonen.

3.1.4. Dersom akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet avgjer at dei vil tilrå at det rette organet ikkje registrerer organisasjonen, skal dette leggjast fram for miljøkontrolløren, for akkrediterings- eller lisensutferdingsorganet som har gjeve akkreditering eller tildelt lisensen, for organisasjonen dersom det er mogleg, og for det rette organet.